



Sigvard Hopland og Olaug Aune Hopland

Referanser:

Dykkar:

Vår: 18/1125 - 18/38341

Saksbehandlar:

Tone Margrethe Berland Furustøl

tone.furustol@lindas.kommune.no

Dato:

20.12.2018

## Melding om vedtak fatta 12.12.2018 i Plan- og miljøutvalet . gbnr 172/4 Hopland

Plan- og miljøutvalet - 153/18:

**Det er gjort følgjande vedtak i saka:**

*Plan og miljøutvalet tek klagen til følge og gir dispensasjon frå LNF formålet i kommunen sin arealplan til å opprette ny grunneigedom til bustadføre mål ved deling av omlag 1 mål frå Gbnr 172/4. Gbnr 172/4 er ein større landbrukseiendom med to våningshus. Det som skal utgjere den nye bustadtomten på ca. 1 mål består av det eldste våningshuset og deler av ein eldre driftsbygning som ikkje er i bruk.*

*Plan og miljøutvalet har vore på synfaring i saka og legg følgjande til grunn:*

*Omsyna som ligg bak føresegna som det vert dispensert for vert ikkje vesentleg tilsidesette. Beiteområdet som er ein del av tomten er bratt, det gjer det vanskeleg for dyr å ferdast i området. Dette er også ein svært liten del av beitearealet. Viser til fylkesmannen sin uttale der han viser til omdisponering av dyrka mark. Dette er ikkje tilfelle, området er definert som innmarksbeite. Den fråskilte eigedomen vil ikkje liggja vesentleg tettare opp imot innmarksbeite enn det nærliggande bustader og byggefelt gjer. Utvalget ser ikkje konflikta rundt lukt og støy frå gardsdrifta som større for den fråskilte eigedommen enn for andre nærliggande eigedomar, samt at hovudetnet og driftsbygning ligg høgare i terrenget enn omsøkt eigedom, den ligg også skjult bak eit høgdedrag i terrenget. Utvalget ser det som ein fordel av eigedomen blir utskilt. Det vil gje driftsfordeler ved at tilkomstveg til omsøkt eigedom ikkje lenger har tilkomst gjennom hovudetnet.*

*Ut fra eit HMS synspunkt vil fråskiljing av eigedomen og sanering/forbetring av utkørsel til fylkesvegen betre trafikktryggleiken.*

*Det er gjeve løyve etter jordlova som presiserer at landbruksdrifta ikkje vert negativt råka. Kulturlandskapet vert ikkje skadelidande, men vil få ei forbetring med delvis opprydding av gamal bygningsmasse. Landbruksavdelinga sin uttale legg til grunn at omsyna bak LNF -føre mål ikkje vert vesentleg sett til side som følgje av deling.*

*Kommuneplanen og plan og bygningslova sine formål vert ikkje tilsidesette.*

**Post**

postmottak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

**Kontakt**

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 50 00  
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311  
Org.nr. 935 084 733



*Etter ei samla vurdering ser vi at fordelane ved å gje dispensasjon er klart større enn ulempene.*

### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Tone Margrethe Berland Furustøl  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Vedlegg:**

Klage på avslag på søknad om deling av eigedom - gbnr 172/4 Hopland  
Søknad om oppretting av ny grunneigedom - gbnr 172/4 Hopland  
Søknad om dispensasjon  
Situasjonsplan  
Redegjørelse  
Andre vedlegg  
Tilleggsdokumentasjon - gbnr 172/4  
Tilleggsdokumentasjon  
Teikningar  
Profil veg  
Uttale - Gbnr 172/4 Hopland - Oppretting av ny grunneigedom til bustadføremål - Dispensasjon  
Uttale - Gbnr 172/4 Hopland - Oppretting av ny grunneigedom til bustadføremål - Dispensasjon  
Gbnr 172/4 Hopland - Svar på søknad om omdisponering og deling etter jordlova §§ 9 og 12  
Klage på vedtak i administrativ sak 516/18 - gbnr 172/4 Hopland

### **Kopi til:**

Fylkesmannen i Hordaland	Postboks 7310	5020	Bergen
Knut Willie Jacobsen	Garvik	5912	SEIM
Sigvard Hopland	Nesbrekka 2	5912	SEIM

### **Mottakarar:**

Fylkesmannen i Hordaland	Postboks 7310	5020	Bergen
Knut Willie Jacobsen	Garvik	5912	SEIM
Sigvard Hopland	Nesbrekka 2	5912	SEIM
Sigvard Hopland og Olaug Aune			

**Mottakarar:**

Hopland